

67. ¹ Tone: Med straalekrans um tinde

1. Den fyrste kvell i jola
Er stor aa aalvorsam
Naar dag fær burt med sola
Aa stjernor tindra fram

2. Eitt smil ifraa Gud fader
Kvar stjerna til meg bær.
Ho seier han er skapar
aa hev sin skapning kjær.

3. Den store runde maane
Han kjem so aalvorsleg
Han gjeng si sikkra bana
Hev post til meg aa deg.

4. De høgd uti ei rama
Fraa evleg tid aa aar
Gud er idag den same
Ret so han var igaar

5. Enkvar hev denna kjendsla
Ein hev kje anna røynt
Ein er til detta *bensla*
Da er i hugen gøymt.

6. Da høyre til den lexa
Ein hev aa læra paa
At Gud i os maa vexe
Aa me maa verta smaa.

7. Hans yrkje sjaa me dagleg
Fraa voggaa aa til grav
Programme er so sakleg
Aa heilagt alt hans krav.

8. Naar kalde her vil *kvæva*
Den glade livsens draum
Daa von aa vilje stræva
da beia burt den straum

9. Da er kje berre draumar
So veksa upp so snart
Men undarfulle straumar,
Fraa høgdi so gjev fart.

10. Eit skimt av naaadesoli
Den herre Jesus krist
Umstraal os nu i joli
Daa gjeng ein aller mist.

11. Ei magt vil trui verta
De noko so lyt til
Guds ande raar i hjarta
Ein vil kva Jesus vil.

12. O Jesus du maa lysa
Aa klaara hjartor so
At me din ande *hysa*
Aa njota Jolero.

13. Aa aller maa me gløyma
For himlens naadesol
Me aller burt os gøyma
Den skin fraa pol til pol

14. Aa ja me soli trengjer
I hjarta myrkt aa kalt
Aa synni vr so stengjer
Kan letleg kvæva alt

15. I tru paa Jesus sigr
Kvar enda stridarmann
Da gjeld ein ikkje *vigra*
Men gjeng Guds vegar fram

16. Daa vil denheilag joli
I himlen gledja best
Naar sjølva naadesoli
er baate vert aa gjest.